

Årsmelding 2016 for  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Eldrerådet  
Brukarutvalet for samhandlingsreforma

I 2016 har dei tre råda hatt fellesmøte der administrasjonen har delteke og informert i kvart møte. Råda ha vore samla i plenum på føremiddagen og hatt møte kvar for seg etterpå, med kvar sin sekretær. Råda har hatt kvar si sakliste og protokoll, men informasjon- referat og drøftingssaker har hatt felles innleiande del.

**Informasjonssaker frå rådmannen:**

Større saker som det har vore løpende informasjon om gjennom heile året:

- Utviklingsarbeidet i pleie og omsorg, med omfattande arbeid i 2016
- Frivilligcentralen som fekk ny lokalisering, organisering og leiing frå 2016
- Arbeidet med Friskhuset
- Arbeid med legevaktsamarbeid

**Andre orienteringssaker frå rådmannen:**

- Årsrapport, rekneskap, budsjettarbeid, inntektsystemet, , kommunen sitt delegeringsreglement.
- Frisklivssentralen, , velferdsteknologi, folkehelseoversikt, følgjekort for funksjonshemma, ferietilskot for personar med nedsett funksjonsevne, opplæringsprogrammet «Tidleg inn», ny ordning med ambulant buteam, nytt tilbod om basistrenings for barn i 4.-7. klasse, dagsentertilbod, vaskeritenesta,
- Adresseprosjektet, ulike planar, skulestruktur i Gaupne, skuleskyssreglement, trygge lokalsamfunn.

I fellesmøte har råda engasjert seg for å få betre lokal rettleiing til å søkje stønad til pasientreiser, noko rådmannen lova å sjå nærmare på.

Alle dei tre råda har gode erfaringar med felles informasjonsmøte, og har gjeve tilbakemeldingar på at dei er godt nøgde med denne ordninga. Dei har gjeve sine innspel og råd til rådmannen og politiske organ.

Nedanfor er kvart råd sine uttalar og vedtak nemnde.

## Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

### **Medlemmer:**

Anna Marie Bolstad, Skjolden

Olav Moe, Indre Hafslo

Else Karin Øvrebø, Indre Hafslo

### **Medlem frå kommunestyret**

Gunn Beate Thorsnes Lefdal, Gaupne

### **Varamedlemer i rekkefølgje:**

Laila Irene Røneid, Gaupne

Svanhild Smedegård Kroken, Kroken

Ingeborg Nybø, Gaupne

### **Personleg varamann**

Kjersti Eikum Tang, Hafslo

**Leiar:** Anna Marie Bolstad, Skjolden

**Nestleiar:** Olav Moe, Indre Hafslo

**Sekretær:** Karin Leirdal

Rådet har i 2016 hatt 5 møte og 16 saker på saklista.

Rådet har uttalt seg i desse sakene:

### **Legevaktordninga – Samanslåing. ( i møte 22.02)**

Rådet vil merka det positive i at ambulansetenesta har stasjon i Gaupne. Sameleis dei 10 hjartestartargruppene, plasserte på ulike stader i heile kommunen, er svært gode tiltak i «redningstenesta». Det er lange avstandar i kommunen. Resonstida er viktig for at alle skal få tilfredstillande hjelp når det trengst.

Tryggleik er viktig for alle som treng snarleg hjelp. Rådet forstår at også legane må kjenne seg trygge i jobben dei gjer. Ein lege som har fast arbeid blir betre kjend i omgivnaden, noko som vil effektivisere og kvalitetsikre arbeidet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser positivt på planane som no er i gang og vil støtta arbeidet med samanslåing av legevakttenestene i Vik, Leikanger, Sogndal og Luster.

### **Friskhuset ( i møte 22.02)**

Arbeid med førebygging er viktig når det gjeld folkehelse. Rådet meiner at planlegginga av Friskhuset er eit godt tiltak, særleg fordi mange aktivitetar kan samlast på ein stad. Eit dagsenter vil sikre god kvalitet på tenestene, vere ope heile tida, og bli tilrettelagt for folk i alle aldersgrupper.

Rådet vil likevel presisera at skysstilboda er viktige. Det vil vere avgjerande å kunne kome seg til og frå, dersom flest mogeleg skal få høve til å vere med og nytte tilboden.

### **Tenestetilbode i pleie- omsorgstenesta**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til arbeidet som blir gjort med planlegging av det framtidige tilboden i pleie- og omsorg, og vil støtta rådmannen si tilråding i saka.

Rådet forstår at det for nokon kan vere vanskeleg i høve til flytting frå lokalmiljøet og lengre avstandar til pårørande. Men eit kompetansesenter for demente vil sikre kvaliteten på deira tenester. Dei som treng langtidsopphold i sjukeheim vil få betre pleie

og omsorg når dei er samla på ein stad. Personalet vil betre kunne nytte sin fagkompetanse og dei vil lettare få arbeid på heiltid.

Rådet vil likevel presisere at dei yngre, særleg unge med psykisk nedsett funksjonsevne som skal inn i bustadane, bør ha høve til å bu i eigne bufellesskap.

Rådet vil presisere at det har vore ein grundig prosess i saka der alle har fått kome med innspel og vorte hørde.

Rådet vil støtta innspel om eit betre skysstilbod i kommunen. Det er store avstandar geografisk, og alle har ikkje like gode mogelegeheter for å køyre bil.

### **Frisklivssentralen**

Rådet er svært nøgde med god og nyttig informasjon som vart lagt fram. Rådet vil meine at informasjonen må ut i større og breiare grad for å nå alle innbyggjarane. Ein betre livsstil er viktig for alle aldersgrupper, særleg dei unge. Aktive unge lærer betre og tidleg lærdom er avgjerande for mange si helse seinare i livet, både fysisk og psykisk.

Rådet ser positivt på arbeidet med reorganisering av Frivilligsentralen og at lag og organisasjoner kjem inn på eigarsida. Ein ny dagleg leiar vil bli ein viktig koordinator og støttespelar for alle lag og organisasjoner som no kan bli med i fellesskapet.

Eit betre samarbeid vil kunne få fleire til å delta på alle typar aktivitet. For å nemne nokon for eks. hjartetrimmen, gåturane, seniordansen, trimdansen osv. er det plass til endå fleire. Dermed kan eit godt samspel nå fleire framover og fleire som treng det vil kunne nytte den gode fysiske og sosiale aktivitetene som desse laga driv.

### **Friskhuset ( i møte 30.05)**

Rådet meiner at det er ein veldig god rapport for godt arbeid som er lagt fram om Frishuset. Saka burde vore handsama i kommunestyret no, og ikkje utsett til september. Prosjektet innehold så mykje positivt i høve til arbeidet innan samhandlingsreforma. Det blir eit viktig dagtilbod, og gjeld aktivitetar for veldig mange i ulike situasjonar. I tillegg har treningsenteret behov for lokale og må flytte innan 01.01.18. Rådet vil såleis meine at saka byrjar å haste. Det må skaffast pengar, og kommunen må ikkje kome i den situasjonen at saka blir utsett vidare framover.

### **Rus og psykiatri**

Rådet har merka seg at kommunane må overta meir ansvar innan rus- og psykiatri. Rådet kan tenkja seg å få litt informasjon om kva tankar ein har til å møta dette store ansvaret.

### **Tidleg inn**

Rådet er nøgde med at det er starta eit slikt tverrfagleg opplæringsprogram for tenesteområda og har store forventningar til arbeid som vil bli gjort framover i høve til førebygging i barnehage og skule. Det er viktig at dei tilsette får utdanning og blir kvalifiserte til å gjera arbeidet.

### **Basistrening – tilbod til barn i 4-7 klasse**

Rådet meiner dette er positivt tiltak, særleg for dei som ikkje deltek på organiserte

aktivitetar. Ungdom som instruktørar i dette arbeidet vil vera inspirerande og gje positiv effekt for fysisk aktivitet. Rådet vil presisera at born med nedsett funksjonsevne må få same gode tilbodet og få den hjelpa dei treng utan å måtta ha foreldre med.

### **Trygge lokalsamfunn**

Rådet meiner Luster har viktige satsingsområde. Rådet vil likevel meine at arbeidet med trygg skuleveg har for dårlig utvikling og går for sakte. Særleg gjeld dette for Høyheimsvik og Nes.

### **Reguleringsplan Heggmyrane**

Rådet ser positivt på utviklingsarbeidet/planlegginga på Heggmyrane, særleg at bygningar og trasear så godt som mogeleg blir universelt utforma.

### **Legevaktordninga ( i møte 10.10)**

Rådet syner til handsaming og vedtak i saka i møte den 22.02.2016.

Rådet ser fortsatt positivt på planane om felles legevaktteneste for Vik, Leikanger, Sogndal og Luster. Rådet vil likevel presisera, og meiner det er ein føresetnad, at ambulansetenesta får halda fram med stasjon i Gaupne.

### **Uttale til budsjett, økonomiplan**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne presiserer viktigheta av at elevar med særskilde hjelpebehov får den hjelpa dei treng og har krav på.

Arbeidet med tidleg innsats og tilpassa opplæring må vidareførast på same nivå som i dag.

Det er særskilt viktig at gode førebyggjande aktivitetstilbod for personar med nedsett funksjonsevne vert vidareført og vidareutvikla.

Rådet vil under dette understreke viktigheta av at Luster treningscenter sitt tilbod vert vidareført.

### **Saker som rådet har teke opp på eige initiativ.**

#### **Orientering om ferietilskot til menneske med nedsatt funksjonsevne i Luster kommune**

Administrasjonen orienterte og leiari for heimetenestene og konsulent for funksjonshemma deltok på rådsmøtet. Rådet fekk høve til å foreta drøftingar/kome med tilbakemeldingar/inngespel til vidare arbeid.

### **Kostnad ved deltaking i på ferieturar.**

Rådet meiner at det bør opprettast eit ferietilskot for menneske med varig nedsett funksjonsevne som har behov for ledsagar på reiser og som sjølv ikkje har økonomi til å dekke alle utgiftene. Det bør opprettast ein pott i budsjettet der det kan bli høve til å søka om dekking av utgifter som reise, opphold og kost for ledsagar.

Tilskotet bør vurderast ut i frå inntekt og behov for tenester/tilrettelegging for den enkelte.

### **Rett til å delta i sosiale samvær og kulturelle samlingar.**

Det er viktig at alle kan få delta i samfunnslivet, mest mogeleg på lik linje med andre.

Rådet forventar at kommunen finn løysingar slik at alle kan få vera med, til dømes, på dansen, når det er julebord, loddtrekking på adventsfesten eller andre arrangement så lenge dei ynskjer, utan å måtte forlate samlinga fordi hjelparen ikkje har ordinær arbeidstid.

Rådet vil meine at løysing på slike problem, til dømes kan vere meir fleksibilitet med omsyn til arbeidstid for hjelpar, overtid/avspassering), BPA eller ordning med støttekontakt.

### **Informasjon om system og rutinar for oppfylging av funksjonshemma born og deira føresette.**

Rådmannen svara på spørsmål.

Det vart m.a. opplyst om at oppvekst tek seg av skule og SFO, men ikkje avlastningstilbodet. Oppvekst har ansvar i skuleferiane.

Rådet er nøgde med deltaking og svar frå Rådmannen.

Rådet vil presisera at det er viktig med oppfølging av IP planen, særleg innan tverrfagleg koordinering.

### **Digitale løysingar, behov for hjelp**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne stiller seg fullt og heilt bak kritikken av NAV som vart teke opp i eit fellesmøte - At eldre blir avvist når dei ber om hjelp til å fylla ut skjema og vist til ein PC.

Rådet understreker at det kan ikkje vere slik at innføringa av nye digitale løysingar diskriminerer eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet ynskjer informasjon om ny teknologi mm som vert teke i bruk i helsetenesta, t.d. nye løysingar for bruk av oksygen.

## Eldrerådet

### **Medlemmer:**

Johannes Lad, Marifjøra  
Sigrid Hamre Nyseth, Hafslo  
Kjartan Kvien, Skjolden  
Gunhild Brun, Jostedal  
Torvald Bakken, Gaupne

### **Varamedlemer i rekkefølgje:**

Kristoffer Skjolden, Gaupne  
Ragnhild Nyland, Gaupne  
Gerd Søhoel, Solvorn

### **Medlem frå kommunestyret**

Ordførar Ivar Kvalen

### **Personleg varamann**

varaordførar Marit Aakre Tennø

**Leiar:** Johannes Lad

**Nestleiar:** Sigrid Hamre Nyseth

**Sekretær:** Anita Bjørk Ruud

Rådet har i 2016 hatt 7 møte og 21 saker på saklista.  
5 av møta har vore felles med dei to andre råda.

Rådet har uttalt seg i desse sakene:

#### **Pleie og omsorg:**

Eldrerådet tykkjer det er positivt med årsturnus og ser fram til å følge utviklinga med digitale tryggleiksalarmer og anna velferdsteknologi.

Eldrerådet viser til rådmannen si tilråding og har særleg merka seg at Luster kommune skal ha gode tilbod på alle nivå i kommunen si helse- og omsorgstrapp.

Rådet legg vekt på tenestetilboden til brukarane/pasientane og støttar rådmannen sitt framlegg.

Det er ønskjeleg at det i vidare arbeid med saka blir gjort vurdering av transporttilbod/serviceskyss for besökande ved institusjonane.

#### **Legevakt:**

Eldrerådet merka seg informasjonen om legevakta, og at det er fleire omsyn å ta: m.a faglege, økonomiske, rekrutteringsmessige omsyn.

Eldrerådet vil handsame saka og gje sin uttale etter at utgreiingsarbeidet er ferdig.

Eldrerådet har ikkje noko imot at formannskapet arbeider vidare med interkommunal legevakt.

#### **Friskhuset:**

Eldrerådet noterte seg framdrifta på prosjektet, og vil følgje med når rapporten blir framlagt.

### **Frisklivssentralen Sogn.**

Det var ein god informasjon og eit godt tilbod som vart presentert for råda. Eldrerådet føresler at Frisklivssentralen informerer om tilboden i Lustranytt, i Radio Luster, på Lustramarknaden gjennom ein aktivitetsstand, på eit møte i Luster pensjonistlag, gjerne då ved at ein som brukar tilboden kan informere.

Mat for eldre, kurs gjennom Frisklivssentralen. Eldrerådet oppmodar sentralkjøkenet til å delta på kurset.

### **Saker rådet har engasjert seg i:**

#### **Elektroniske bussbillettar på ekspressbussar**

Eldrerådet i Luster tok opp saka i eit møte hausten 2015 fordi det var ei oppfatning at ein må kjøpe billett på internett for å vere sikra plass på ekspressbussar. Fordi mange eldre ikkje har tilgang og kunnskap om data valde eldrerådet i Luster å sende ei oppmoding til fylkesrådet i saka og ba dei jobbe med saka, samstundes som dei sende kopi til Nettbuss.

Nettbuss har gjeve tilbakemelding om at ein også kan kjøpe billett i ekspedisjonen hos Nettbuss i Sogndal, eller ved å kontakte kundesenter på telefon.

Fylkesrådet for eldre har også engasjert seg i saka etter at eldrerådet sende den vidare. Eldrerådet ynskjer å følgje saka vidare. Me er ikkje nøgde med at kostnaden for dei som bestiller billett på tlf. blir høgre enn om dei tingar over internett. Det er også vesentleg at innbyggjarane, både unge og eldre, får kunnskap om at det luraste er å tinge billett på førehand. Eldrerådet vil difor oppmode reiseselskap om å informere meir om dette, og føresler at dei mellom anna får informere i Lustranytt og på kommunane sine heimesider. Nettbuss har fått tilbod om dette, men har ikkje respondert.

#### **Etterspør lokal hjelp til å sende krav til pasientreiser.**

Luster eldreråd har teke opp sak på eige initiativ og send brev til NAV Luster (med kopi til fylkesrådet for eldre) med fylgjande innhald: «Eldrerådet er kjende med at eldre og andre ikkje har fått hjelp på NAV til å fylla ut reiserekningar. Dei har m.a. vorte viste til ein pc og blitt nekta anna form forrettleiing/hjelp. Det meiner Eldrerådet er for dårleg service for dei eldre. Mange har aldri hatt og brukta ei datamaskin før, og det kan vere vanskeleg for nokon både med synet og forstå kva teksten på skjemaet betyr. Eldrerådet ber om at NAV-Luster drøftar denne problemstillinga, og ynskjer gjerne ein tilbakemelding frå dykk».

Fylkesrådet for eldre har handsama denne saka i møte den 2. februar og sendt følgjande uttale til NAV-Sogn og Fjordane:

**«Fylkesrådet for eldre viser til uttalen frå eldrerådet i Luster, og meiner at denne servicen burde NAV tilby til dei som ynskjer. Fylkesrådet ser at det er dei eldre som vert skadelidande, i og med at dei ikkje sender inn refusjonskrav».**

Saka er seinare teke opp i fellesmøte med dei tre råda i Luster og vist til at det i enkelte kommunar vert tilbode hjelp frå servicetorga. Rådmannen har meldt attende at det også vil bli vurdert i Luster.

### **Ernæring på omsorgssentra**

Eldrerådet drøfta generelt kring ernæring for eldre og vil be om informasjon frå omsorgstenesta om kommunen har system for å vite kor mykje pasientar/heimebuande får i seg av næring.

Johannes Lad, leiar i eldrerådet er også bebruarrepresentant ved omsorgssentra. Han vil følgje opp dette med besøk på omsorgssentra.

### **Betalingssatsar**

Eldrerådet ynskjer at det på eit seinare møte vert informert om betalingssatsar i pleie- og omsorgstenesta.

### **Bruk av lydanlegg på større møte**

Eldrerådet oppmodar om at lydanlegget på kommunestyresalen vert nytta når det er større samlingar, døme var informasjonsmøtet om pleie- og omsorgstenesta.

### **Vellukka eldredag**

Eldrerådet arrangerte eldredag på Eikum hotell den 30.09.16 med stort frammøte, om lag 90 personar.

Program:

Jacob Sandeprogram med Anders Kvam og Indre Hafslo spelemannslag.

Lærdal etter brannen, ordførar Jan Geir Solheim

Helsing frå ordføraren i Luster.

Eldrerådet var godt nøgde med arrangementet som har fyldig omtale i Lustranytt 2/16.

# Brukarutvalet for samhandlingsreforma

## **Medlemmer:**

Jostein Melheim, Indre Hafslo  
Astrid Martinsen, Luster  
Kristoffen Skjolden, Gaupne

## **Varamedlemer i rekkefølgje:**

Mary Aasen, Jostedal  
Karen Moe, Indre Hafslo  
Gunvor Nærø, Gaupne

## **Medlem frå kommunestyret**

Anja Iren Hilleren

## **Personleg varamann**

Karita Nes

**Leiar:** Jostein Melheim

**Nestleiar:** Astrid Martinsen

**Sekretær:** Britt Veum Hauge

Rådet har i 2016 hatt 5 møte og 14 saker på saklista.

Rådet har uttalt seg i desse sakene:

### **Tenestetilbodet pleie og omsorg**

Brukarutvalet ser at framlegget som ligg føre vil gjøre at det blir ei betre tilpassing av dei ulike tilboda på dei tre geografiske stadene. Det vil også kunne gje ei organisering på kvar av dei tre stadene som blir betre for dei tilsette.

Omorganiseringa vil også gje naudsynte innsparinger.

Brukarutvalet støttar tilrådinga frå rådmann og ser dette som ei positiv endring, også for brukarane.

### **Interkommunal legevakt**

Det er mange signal i tida som kan tyde på at ei eiga legevakt med god kvalitet vil kunne bli svært så dyr.

Forslag til ny legevaktordning kan på sikt vere den beste ordninga for å stette framtidige krav og få nødvendig kompetanse. Det er då avgjerande at ambulansetenesta i Luster blir på same nivå som i dag.

Brukarutvalet har ikkje merknad til rådmannen sin informasjon. Brukarutvalet føreset at ambulansetenesta, KAD i Gaupne og lokale hjertestartargrupper vert oppretthaldt på dagens nivå.

### **Folkehelseoversikt**

Brukarutvalet tek Folkehelseoversikta til orientering, og vil særskilt nemne viktige mål som:

- Jobbe innovativt for å få aktive eldre og solidaritet mellom generasjonar.
- Fremje helse gjennom frisklivsstenking, meistringsstrategiar og kvardagsrehabilitering.

- Ta vare på den ressursen Luster har i form av eit rikt lag og organisasjonsliv og arbeide for deltaking i desse for alle delar av befolkninga.

Ved at kommunen realiserer «Friskhuset», meiner brukarutvalet at vi vil komme langt for å nå desse måla.

### **Frisklivssentralen Sogn**

Vi fekk ein god og informativ presentasjon av Frisklivssentralen Sogn v/May Britt Hauge.

Brukarutvalet vil særskilt nemne:

- Ser positivt på samarbeidet med treningsenteret og Gaupne Helselag. Dette kan vere starten på eit nærrare samarbeid m/ fleire frivillige lag og organisasjoner i kommunen.
- Det vil framover vere sær s viktig med god informasjon til brukarane. Dette ved aktivt å nytte dei ulike mediakanalane og andre aktuelle fora. Det er viktig å gjere tilboda godt kjend, og at brukarane kan gjennomføre tiltaka så langt det let seg gjere fagleg og praktisk i eigen kom mune.
- Sjå på ordningar som kan betre kontinuiteten i drifta.

### **Friskhuset**

Vi har fått orientering om Friskhuset og rapport som er levert til rådmann i fellesmøte. Brukarutvalet støttar opp om prosjektet. Det er viktig å få Friskhuset realisert innan dei oppsette fristar.

### **Psykisk helsearbeid**

På eit seinare møte ynskjer Brukarutvalet informasjon om psykisk helsearbeid i kommunen derunder korleis kommunen samarbeider med 2. linjetenesta.

### **Hjelp til personar som har dataproblem**

Brukarutvalet vil stille spørsmål om kommunen kan yte hjelp til eldre og andre som har problem med databruk. Dette gjeld:

- Utfylling av reiserekningar for helsereiser.
- Førehandstinging av billett til buss og båt.
- Brukarutvalet ber kommunen om å oppmoda fylkeskommunen til å ta opp igjen utgjeving av fylkeskommunalt rutehefte for båt og buss.

### **Uttale til budsjett, økonomiplanarbeidet**

Brukarutvalet merkar seg positivt at Friskhuset byggesteg 1 er med i budsjett 2017. Dette er eit viktig tiltak. I det vidare arbeidet er det viktig at kommunen ivaretok og vidareutviklar dei lovpålagde tenestene på ein god måte.